3150

01-July-2014

ODDVAR HOPSDAL
VASSBYGDVEGEN 771
5912 SEIM.

Leivestad, 27/06-14.

Mottatt: 30/06-14.
Eri Bjørlund

LINDÅS KOMMUNE
AREAL OG MILJØAVD
5914 ISDALSTØ.

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
1. 07. 2014
Ark. saksnr | Løpenr
Sakshand. | Tilgangskode

KLAGE PÅ VEDTAK I DELINGSSAK
GNR. 180, BNR 1, LEIVESTAD.

Først vedr. klagefristen på 3 veker: Eg mottok vedtaket den 08.06.14, p.g.a. utanlandsreise i tidsrommet 24.05 - 07.06.2014. Brevet med vedtaket frå kommunen var poststempla den 27.05.14. (Tidsrommet eg var borte kan evnt. dokumenterast.)

Eg søkte om å få dela frå det gamle våningshuset på garden, med eit areal på ca. 3,5 dekar rundt og med ny vegtilkomst, som ikkje ville føra med seg veg gjennom gardstunet.

Når eg les saksutgreiinga til kommunen som vart sendt på høyring, og svaret som kom frå Fylkesmannen, så får eg ikkje dette heilt til å gå opp:
J saksutgreiinga så skriv kommunen att arealet er marginale, brattlendt og dårleg arrondert, og eignar

(1)

seg dårleg som beite, p.g.a. att det ligg inneklemt mellom nabogrenser, veg, og fulldyrka areal.

I uttalen frå Fylkesmannen så skriv dei:
"Vi oppmodar kommunen om å vurdera reduksjon av storleiken på arealet".

Grunnen til att eg søkte om eit så pass stort areal, var med tanke på att dette arealet som ligg nord for steingarden, på mange måtar er eit areal som er vanskeleg og nytta for hovedbruket på ein rasjonell måte. Det kan ikkje slåast, og er vanskeleg å nytta som beite, då det er svært lite og vert liggjande inneklemt mellom nabogrenser, den nye tilkomstvegen til det frådelte arealet, og fulldyrka areal.

Ein annan grunn er att med ny tilkomstveg til det frådelte huset, så er det behov for ein del areal til snuplass for bilar o.l. Tenkjer også fram i tid, att dersom ein vil søkja om å få byggja ein garasje e.l. i tilknytning til det frådelte huset, så vert det svært trangt mellom huset og steingarden, når ein skal ta hensyn til avstand til nabogrenser, husgrenser o.l.

Fylkesmannen skriv, som sagt, att det må vurderast ein reduksjon av det omsøkte arealet.

No når eg ser på arealet som vart søkt frådelt, så kan det reduserast ein del i tilknytning til huset og området rundt dette. Eg legg difor

ved ei ny skisse med forslag om redusert areal rundt huset. Har også teikna inn forslag til oppjustering av tilkomstveg. Denne vert då tilhøyrande hovedbruket. Det omsøkte arealet vert då også redusert her, då den nye grensa ligg på innsida av tilkomstvegen.

Til slutt vil eg be om att Lindås Kommune kjem på synfaring for klagen vert behandla. Det vil då vera lettare for begge partar og orientera seg i landskapet, vedr. beliggenhet, praktiske løysingar vedr. veg, snuplass, grenser o.l.

Med helsing:

Oddvar Hopsdal

* Vedlegg: Nytt skisseforslag.